



Odda fotografert av Kristian Bringedal

**Uskedelingane Kristian Bringedal og Harald Sætre har i høg grad bidratt til Otto Erslands bok "Dei fine ferjene", som no er i handelen med si utgåve nummer to. Dei to har svært mange av dei fine bileta i boka. Tilfanget av bilete har tydelegvis vore stort, ikkje minst fordi dei har hatt så mange i sine arkiv. Den første utgåva kom for to år sidan**

Sætres livslange og aldri sviktande båt-entusiasme er kjend og for Bringedal heng det slik saman: Frå 1970 og kvar sommarferie i lang tid jobba han i HSD som billettør. Han var faktisk på fire ferjer: Stord (seinare Fusa), Sveio, Odda og Austevoll og dei trafikerte på sambanda Halhjem-Sandvikvåg, Sunnhordland og Kvandal-Utne-Kinsarvik.

- Den gongen var det i skotet å ta lysbilete. Eg hadde fotoapparatet liggjande i styrehuset og tok motiv frå ferjer og båtar i fjorden – tilsman 200 lysbilete, fortel Kristian til uskedalen.no.

Otto Ersland fekk tilgang til fotosamlinga og resultatet vart at Bringedal er den einskildperson som har flest bilete i boka.

"Ferjer. Ein treng berre seie ordet for at ein sann vestlending skal få ei lita tåre i auget." Slik byrjar forfattaren Ragnar Hovland forordet sitt i boka og det er nok ikkje tvil om at mange på våre kantar rett og slett vil fella tårer ved møtet med dette bokproduktet. Det handlar om ferjene til HSD sett frå ein reisande sin synsstad, nærare bestemt om ferjene slik forfattaren opplevde dei frå 1965 til 1975 (då han var 15).

Han innrømmer at historia er noko nostalgisk, men han ønskjer framfor alt å få fram eit stykkje viktig lokalhistorie og eit sentralt element i moderniseringa av vestlandssamfunnet. Det har han i høgste grad makta, for boka er ein svært grundig dokumentasjon både skriftleg og med omsyn til bilete. Og ho er lettlest fordi ho er også er skreve med hjarta i tillegg til ho byggjer på ei svært grundig og samvetsfull faktainnsamling.

Eit ekstra pluss bør Ersland få fordi han også har funne ut kvar og korleis dei ferjene han skriv om har endt sine dagar. Eller rettare: Dei har enno ikkje gjort det, for bortsett frå ei er alle framleis i bruk på eit eller anna vis. Og det på dei mest utrulege stader i Nord-Noreg, Finland, Sverige, Italia, England og Afrika. Så HSD-ferjene er sanneleg slitesterke!

Av Ola Matti Mathisen



Bjørnefjord ved kai i Løfallstrand – fotografert av Harald Sætre.